

**MØTEPROTOKOLL****Utval:** Eldrerådet**Møtedato:** 15.12.2014**Møtetid:** 10:00 - 12:15**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Tore Strømmen	Oddbjørg Hisdal

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Ingen

<b>Møteleiar:</b>	Brigt Olav Gåsdal
<b>Møtesekretær:</b>	Heidi Fossdal

<b>Merknader: Ingen</b>

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	-Eldrerådet hadde ei kort evaluering av eldredagen 2014. Arrangementet var vellukka, og hadde nær 50 deltagarar. 35 betalande. Eldredagen vart ikkje markert 1. oktober som planlagt, då lokala ikkje var ledige. Ein må tinga lokale for eldredagen 2015 alt no, slik at ein unngår dette neste år.																					
	<p><b>Rekneskap eldredagen 2014</b></p> <table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>Inntekter</th> <th>Utgifter</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Billettsal</td> <td>3500,-</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Innkjøp Spar (kaffi, saft, serviettar m.m)</td> <td></td> <td>365,50</td> </tr> <tr> <td>Innkjøp Bjørkheim (betasuppe)</td> <td></td> <td>2470,00</td> </tr> <tr> <td>Annonse Samningen</td> <td></td> <td>689,00</td> </tr> <tr> <td><b>Sum utgifter</b></td> <td></td> <td><b>3524,50</b></td> </tr> <tr> <td>Underskot</td> <td>-24,50</td> <td></td> </tr> </tbody> </table> <p>-Eldrerådet har fylgjande uttale til referatsaka om den kulturelle spaserstokken: "Eldrerådet viser til tidlegare drøftingar i utvalet om</p>		Inntekter	Utgifter	Billettsal	3500,-		Innkjøp Spar (kaffi, saft, serviettar m.m)		365,50	Innkjøp Bjørkheim (betasuppe)		2470,00	Annonse Samningen		689,00	<b>Sum utgifter</b>		<b>3524,50</b>	Underskot	-24,50	
	Inntekter	Utgifter																				
Billettsal	3500,-																					
Innkjøp Spar (kaffi, saft, serviettar m.m)		365,50																				
Innkjøp Bjørkheim (betasuppe)		2470,00																				
Annonse Samningen		689,00																				
<b>Sum utgifter</b>		<b>3524,50</b>																				
Underskot	-24,50																					

## 2 av 6

	disponering av midlane kommunen får tildelt gjennom ordninga med ”Den kulturelle spaserstokken, og utvalet krev å bli tatt med i drøftingar når neste søknad om midlar skal førebuast”.
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	-Det vart stilt spørsmål om suppleringsvala av representantar til eldrerådet formelt er vedteke i kommunestyret. Ein kan stadfesta at Tore Strømmen og Bjørg Solvang formelt er valt av kommunestyret i sak 71/12 og sak 44/13.
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Ingen

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 30.12.2014

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
007/14	14/968	Faste saker	
008/14	13/161	Framtidig bibliotek i Samnanger	
009/14	14/398	Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 - 2018 - uttale frå eldrerådet	

**SAKNR. 007/14**

**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**15.12.2014 ELDRERÅDET**

Handsaming i møtet:

Eldrerådet hadde ingen merknader til innkalling og saksliste.

**ELD-007/14 VEDTAK:**

Møteinnkallinga og sakslista vert godkjent utan merknader.

**SAKNR. 008/14**

**FRAMTIDIG BIBLIOTEK I SAMNANGER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak frå rådmannen.

**19.11.2014 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Formannskapet drøfta saka. Formannskapet er positiv til at kommunen kjøper seg inn i prosjektet til Bjørkheim senter for å etablere eit bibliotek. Formannskapet er imidlertid uroleg for kommunen sin økonomi. Før det vert teke endeleg stilling i saka, vert rådmannen bedt om å laga ei tilleggsutgreiing om kva konsekvensar dette tiltaket evt. vil få for andre prosjekt.

**FORM-060/14 VEDTAK:**

Samnanger kommune ser positivt på tilbodet frå Bjørkheim senter som kan gjera det mogleg å få til bibliotek på Bjørkheim. Det vil evt. berre vera aktuelt for kommunen å kjøpa seg inn i senteret.

Samnanger kommune ynskjer å gje tilbydar ei tilbakemelding innan utgangen av 2014. Kommunen har ein stram økonomi, og før det vert teke stilling i saka vert rådmannen bedt om å legga fram oversikt over kva konsekvensar bygging av bibliotek vil få for kommunen sin totaløkonomi.

**15.12.2014 ELDRERÅDET**

Handsaming i møtet:

Eldrerådet er positive til nytt bibliotek. Biblioteket bør plasserast der folk ferdast og vera lett tilgjengeleg for folk i alle aldrar. Rådet er opptekne av at arbeidet må koma i gong innan

rimelig tid, og meiner det må avklarast når lokala kan vera klare til bruk før ein gjer avtale om kjøp.

Eldrerådet drøfta saka om kom med felles framlegg til vedtak:

Eldrerådet støttar tilrådinga om å kjøpa lokale til nytt bibliotek på Bjørkheim Senter.

Kommunestyret bør setja ein høveleg frist til utbyggjar for kor tid lokala skal vera klar til overtaking

## **ELD-008/14 Vedtak:**

Eldrerådet støttar tilrådinga om å kjøpa lokale til nytt bibliotek på Bjørkheim Senter.

Kommunestyret bør setja ein høveleg frist til utbyggjar for kor tid lokala skal vera klar til overtaking.

## **SAKNR. 009/14**

## **BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015 - 2018 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

## **15.12.2014 ELDRERÅDET**

Handsaming i møtet:

Eldrerådet drøfta saka om kom med felles framlegg til vedtak:

Eldrerådet støttar tilrådingane frå formannskapet til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. Eldrerådet er opptatt av trafikktryggleik for alle grupper, og utvalet ber om at det vert prioritert trafikktryggingstiltak mellom Ådland og Hisdal.

## **ELD-009/14 VEDTAK:**

Eldrerådet støttar tilrådingane frå formannskapet til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. Eldrerådet er opptatt av trafikktryggleik for alle grupper, og utvalet ber om at det vert prioritert trafikktryggingstiltak mellom Ådland og Hisdal.